


Soldagen

Av Sunniva Relling Berg

FØR LESING

I dette utdraget skal du lese om noko som skjer på soldagen. Soldagen er den dagen sola kjem tilbake etter mørketida. Fleire stader i Nord-Noreg feirar ein denne dagen. Sola kjem tilbake til Alta 17. januar, Tromsø 21. januar og Longyearbyen på Svalbard først 8. mars.

- Korleis opplever du det når dagane blir lengre?**




FØR LESING

- Sol, mørke, lys og skugge kan samstundes vere bilete på noko anna. Kva kan desse uttrykka bety?
 - det går mot lysare tider
 - å få noko fram i lyset
 - å tole dagens lys
 - lyssky aktivitet
- Kjenner du fleire slike uttrykk der *lys*, *skugge*, *mørke*, *dag* eller *natt* er nytta som eit språkleg bilete?
- Kan tittelen *Soldagen* handle om noko meir enn sjølv festdagen?



Utdraget du skal lese, handlar mellom anna om å ha tillit til andre personar.

Snakk saman: Kva meiner du må til for at du skal kunne stole på ein person?




An illustration of a snowy mountain landscape. In the foreground, the back of a person wearing a large, light blue knit hat and a dark blue and yellow jacket is visible. In the middle ground, a silver car with its headlights on is driving on a snowy road. The background features snow-covered mountains and a forest of dark evergreen trees under a sunset sky with orange and yellow hues. Several orange poles are visible in the snow.


MEDAN VI LES

Fleire stader i teksten må personar bestemme seg for om dei vil stole på kvarandre. Legg merke til kvifor dei vel å stole på den andre, eller kvifor dei ikkje gjer det.

ETTER AT VI HAR LESE

1. Kvifor mistenkjer Jens at det er Ilias som har tatt pengeskrinet?
2. Sjå på dette utdraget: «*Ilias vil rive himmelen i bitar. Den tunge himmelen som har pressa han mot bakken heile vinteren. Han vil brøle så frosten sprekk og fargane kjem tilbake.*» Kva betyr dette, trur du?
3. Kvifor stolar Maja på Nils? Kvifor vil ho hjelpe han?
4. «*Det er sånt som skjer når du stolar på folk*», seier Nils når han skal forklare at han er forslått i andletet. Er du einig? Er det farleg å stole på andre?
5. Kva trur du Maja kjem til å gjere vidare i denne forteljinga?
6. Snakk saman. Lag ei liste over gode råd for å bygge tillit til andre personar. Kva må til for at andre skal stole på oss? Samle svara til ei felles liste for klassa.





SKRIVEOPPDRAG 1

Skriv til Jens og Gerda

Tenk at du er Maja etter at pengeskrinet vart stole. Du angrar veldig, ynskjer å tilstå, men vil helst skrive eit brev til Jens og Gerda framfor å seie det. Skriv brevet der du forklarar kva som har hendt med pengeskrinet, kvifor du gjorde det, og kvifor det er så vanskeleg å innrømme dette. Har du nokon tankar om korleis ein skal gjere det godt? Og hugs for all del å seie unnskyld for det som har hendt. Lykke til!

SKRIVEOPPDRAG 2

Lag ein solsong

Mange artistar har laga songar om at sola kjem tilbake, og at det blir lysare og mildare. The Beatles sin song «[Here comes the sun](#)» er eit eksempel på ein slik song. No er det din tur. Lag eit dikt, ein rap eller ein song om sollyset som kjem tilbake. Sjå om sollyset eller mørket kan vere bilete på noko meir. Til dømes:

- Sola kan vere eit bilete på betre tider og at alt løyser seg.
- Det at sola kjem tilbake, kan vere eit bilete på noko hemmeleg som ikkje let seg skjule lenger.
- Sola kan vere eit bilete på at nokon ser deg og forstår deg.